

Artig og kreativ marknadsføring!

10.03.2017



Stadig nye artige videosnuttar frå Kjersti, Gunn Mari og gjengen på Spar Uskedalen.

Då kaffigjengen nytte livet i god drøs i kroken på Spar Uskedalen i dag, vart dei brått overraska av to cowboyar i fullt trav til hest. Dei to var søstrene og Spar-eigarane Gunn Mari Moberg og Kjerst Børve, og det viste seg at forklainga var eit marknadsføringsstunt for gode tilbod til Taco-helga.



Her er forklaringa på dagens opptrinn.

Hesten var sjølvkonstruert, og lengre inne i butikken stod Vigdis Haugland og filma det viltre opptrinet til dei to søstrene. Videoen art lagt ut på facebook-sida til Spar Uskedalen og har allereie no passert 1100 visningar etter 3 timar. På denne sida finn ein også fleire andre artige videosnuttar som den kreative og dyktige betjeninga i butikken har laga.

- Neste gong stiller vi vel med skikkeleg hest, sa dei to lattermildt etter at filminga var avslutta. Gjengen imponerer også på dette området så eg anbefaler alle å gå inn på sida og sjå kva dei finn på!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.